

Hordaland fylkeskommune

Vår dato  
20.10.2016

## Høyring - framlegg til planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 - 27 Fusa kommune

Fusa kommunestyre har den 13.10.2016 godkjent oppstart av arbeid med kommunedelplan for akvakultur. Framlegg til *planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 – 2027* leggjast med dette ut til høyring. Høyringsfristen er sett til 09.12.2016

Framlegget til planprogram er utarbeidd i samsvar med Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-1, 5 og 13.

Planprogrammet omhandlar akvakulturdelen av arealdelen i kommuneplanen til Fusa kommune, og gjer greie for fokusområda, framdrift, medverknad og organisering i planarbeidet. Planprogrammet er tilgjengeleg på heimesida til kommunen, under [Kunngjeringar/Høyringar](#).

Planarbeidet har følgjande fokusområde:

- Storleik på akvakulturområde kring eksisterande lokalitetar
- Gjennomgang av om eksisterande akvakulturlokalitetar er eigna
- Mogelege nye akvakulturområde
- Fortøyingar og ankerfeste til oppdrettsanlegg
- Akvakulturområde som tangerer område avsett til fiske
- Fortøyingar frå oppdrettsanlegg som ligg i nabokommunar
- Interkommualt samarbeid – felles sjøområde
- Innspel knytt til akvakultur (landbasert, parkeringsplassar osv)
- Område for tareproduksjon

Uttalar til planprogrammet merkast med saksnr. 16/1096 og sendast til [post@fusa.kommune.no](mailto:post@fusa.kommune.no).

Helsing

Helle Holte Bruland

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Høyringsdokument 13.10.2016 - 09.12.2016 - Framlegg til planprogram for kommunedelplan for akvakultur	1337362	20.10.2016
---	---------	------------